



ÅLESUND KOMMUNE

Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

Dokumentsenter

Saksbehandlar:
Tone Ski Blindheimsnes

Dykkar referanse:
21/4252

Vår referanse:
21/7570-3 22/1650

Arkivkode:
040 &13

Dato:
07.01.2022

Svar på høyring - Forslag til ny arkivlov

Ålesund kommune viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet datert 5. oktober 2021 om forslag til ny arkivlov.

Forslaget frå kulturdepartementet er vesentleg mindre omfattande enn forslaget til Arkivlovutvalget som vart presentert i NOU-en i 2019. Lovforslaget er òg kortare enn noverande arkivlov.

Vi støttar intensjonen i lovforslaget om at arkivlova ikkje skal vere til hinder, men kunne stå seg i møte med den teknologiske utviklinga. Det er positivt at språket er forenkla, at arkivfaglege prinsipp er lovfesta, og at det no er sett større fokus på digitalisering.

Hovudtrekk ved forslaget er at arkivfaglege prinsipp er lovfesta i dei ulike paragrafane, medan faglege og tekniske detaljar skal komma med nye forskrifter. Dette inkluderer paragraf 2, 4, 5, 7, 8, 9, 10 og 11.

Det kan vera vanskeleg i nokre tilfelle å ta stilling til innhaldet i nemnde paragrafar før desse forskriftene er på plass. Det at arkivfaglege prinsipp er lovfesta er bra, men innhaldet i paragrafane kan bli overflatisk når det ikkje blir vist til konkrete reglar. Dessutan er det uheldig at det kan gå fleire år før desse forskriftene trer i kraft, og inn til den tida kjem gjeld noverande forskrifter.

I nokre paragrafar er det vist til forskriftsheimel medan andre viser til eit slags forskriftspåbod. Paragraf 2, 4, 5, 7, 8 og 11 blir ordlagd slik at departementet «kan gi forskrift», medan forskriftsheimel i paragraf 9 og 10 blir ordlagt slik at departementet «gir forskrift». Dersom intensjonen er at departementet *skal* gje forskrift anbefaler vi at det vert gjort språkleg klart.

Manglande arkivplikt til private som utfører oppgåver på vegne av det offentlege

I forslagens § 2 om verkeområde, blir arkivplikta utvida til å omfatta «andre som treffer enkeltvedtak eller utferdar forskrift» (første ledd, bokstav b). Vi støttar denne utvidinga.

Departementet har valt å gå vekk frå forslaget til Arkivlovutvalget om å la lova òg omfatte private verksemdar som utfører oppgåver på vegne av det offentlege, og der det offentlege har ein vesentleg eigarskap i verksmeda. Vi meiner at manglande arkivplikt for slike tenester ytt av private ikkje er dekt godt nok av dagens arkivlov, og vil fortsetje å ligge udekt slik forslaget er. Viktig dokumentasjon om innbyggjarar som nyttar seg av slike tenester kan gå tapt sidan verksmeda ikkje blir underlagt arkivplikt.

Vi viser også til førre høyring der Kunnskapsdepartementet tok opp viktigheita at ein sikrar bevaring av viktig dokumentasjon hos friskular, fagskular og private barnehagar. Dette er eit syn vi deler.

Dersom verkeområdet blir slik som det følgjer av lovforslaget, meiner Ålesund kommune at ein parallelt med innføringa av ny arkivlov bør gjennomføre ein gjennomgang av om private verksemdar som utfører oppgåver på vegne av det offentlege, er underlagt tilstrekkeleg regulering for bevaring av dokumentasjon for framtida.

Om Nasjonalarkivet og den regionale leiinga

Vi har ingen innvendingar til § 3 om endringar på Arkivverkets namn og rolle, men saknar ein tydelegare definisjon av kva Nasjonalarkivet skal innebere på det regionale nivået. Det er uklart kva påverknad vil dette ha på den regionale rolla og mynden som Statsarkivene har hatt.

Det vart tatt opp at det manglar ein klar utnemning av ein arkivinstitusjon med rettleiande rolle på det regionale nivået. Det er uklart om dette skal dette vere IKA-ene, fylkeskommunen eller dei ulike avdelingane ved Nasjonalarkivet.

Manglande føresegner om dokumentasjonsstrategi

Krava til arkivplan er utdatert, krevjande og tungvinne. Måten arkivplan skal settast opp på er et problem med teknologien i dag. «Dokumentasjonsstrategi» er eit omgrep som var mykje brukt i NOU-en, og vi saknar at dette vert vidareført i forslaget. Vi meiner dokumentasjonsstrategi er eit meir moderne omgrep som vil gjere arbeidet med arkiv og dokumentkontroll meir aktuell for andre fagfelt.

Manglande plikt for å ha avtalar om arkivansvar for fellessystem

Det er bra at § 5 lovfestar at organ kan avtale korleis arkivansvar skal vere for fellessystem som går på tvers av forvaltningsnivå. Dette er eit aktuelt spørsmål for kommunane i Møre og Romsdal sidan mange kommunar samarbeider om tenester. Vi meiner at dette bør presiserast endå skarpare. I staden for å ordlegge seg slik at avtalar om arkivansvar kan bli utarbeidd, bør det i staden ordleggast at slike avtalar skal bli utarbeidd.

Interkommunale arkivinstitusjoner si rolle for framtida

Avleveringsplikta for kommunar og fylkeskommunar er per dags dato fastsett i arkivforskrifta § 18. Forskrifta frå kulturdepartementet introduserer ei lovfesta plikt for kommunar å ha

dedikerte arkivdepot og plikt til å deponere eldre og avslutta arkiv til langtidsbevaring i depot. Dette er bra.

Mange kommunar har inngått samarbeid om interkommunale arkivdepot. Desse institusjonane er sjølvstendige rettssubjekt. I dei siste åra har IKA-ene hatt ein sterk auke, og er ein samarbeidspartnar for medlemskommunane som dekker krava til depotarkiv.

Trass denne utviklinga, opnar forslaget frå kulturdepartementet ikkje for noko utvikling av den kommunale depotordninga. IKA-enes funksjon som ei forlenging av kommunane står i aller størst grad uendra frå dagens arkivlov og forskrifter. Ålesund kommune meiner det er viktig å opne opp for utvikling og innovasjon av IKA-ene.

Krav om digitalisering for kassasjon vil bli presedensgivende for kommunane

Forslagets § 10, sjuande ledd, introduserer ein forskriftsheimel for Nasjonalarkivet å krevje avleveringsformat for statlege organ som avleverer arkiv til Nasjonalarkivet. Dette er omtalt på side 111-113 i høyringsnotatet. Der kjem intensjonen til departementet fram om at det skal ikkje byggast nye papirmagasin for Nasjonalarkivet og at det skal etter kvart skal fastsetjast i forskrift ei plikt for statlege organ til å avlevere arkiv i digitalt format. Vi meiner at sjølv om dette ikkje kjem til å dekke kommunale arkiv med det første, vil det bli presedensgivende når ei slik plikt evt. blir fastsett i forskrift. Når statlege organ har vore vant til å digitalisere og kassere arkivmateriale for digital avlevering vil det fort òg bli normalisert for kommunar å følgja etter.

Vi påpeikar at viss/når dette blir aktuelt for kommunar, vil deponering medføre ekstra kostnader for kommunane på kort sikt. Dette er ressursar vi antar kommunane ikkje har avsett til dette formålet i dag. På lang sikt vil kostnadar minske da kommunane betaler for depot og ressurskrevjande innsyn i dag. Dette vil òg føre til enklare publisering og tilgjengeleggjering av arkiva for publikum. Det må overførast statlege midlar slik at IKA-ene og kommunane blir rusta for å digitisere papirarkiva sine.

Med helsing

Helge Veum
stabssjef

Liv-Grete Orvik
avdelingsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.